

Møte nr. 2-2011

**Kontrollutvalet i Klepp
INNKALLES TIL MØTE
14. april 2011 kl. 16.00 i Formannskapssalen**

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 6/11 [Godkjenning av protokoll frå møte 17.02.2011](#)
- 7/11 [Årsmelding og årsregnskap 2010 for Klepp kommune](#)
- 8/11 [Forvaltningsrevisjonsrapport: Prosjektstyring](#)
- 9/11 [Skatterekneskapet for 2010 med kontrollrapport frå Skatteetaten](#)
- 10/11 [Oversikt over status bestilte prosjekt og kontrollar pr. april 2011](#)

EVENTUELT

Rådmann, økonomisjef og skatteoppkrevjar er invitert til møtet. I tillegg møter revisor/forvaltningsrevisor.

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobil tlf. 98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka (*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Kleppe, 7. april 2011

Hanne-Lill Steen
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen
Sekretariatet

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 14.04.2011	Utvalgssaksnr. 6 /2011
---	-------------------------------	----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.02.2011

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møte den 17. februar 2011.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet 17.02.2011.

SANDNES, 07.04.2011

Vedlegg:
[Protokoll frå møte 17.02.11.](#)

[Tilbake](#)

Arkivsak : 200800196
Arkivkode : E: 210
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 14.04.2011	Utvalgssaksnr. 7 /2011
---	-------------------------------	----------------------------------

ÅRSMELDING OG ÅRSREGNSKAP 2010 FOR KLEPP KOMMUNE

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal iht lov og forskrift gi uttale til kommunens årsrekneskap før kommunestyret vedtar rekneskapet. Uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før formannskapet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Etter kontrollutvalgsforskriftens §8 skal og kontrollutvalet sjå til at revisors merknader til rekneskapet blir følgt opp.

Saksutredning:

Driftsrekneskapet er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 6,8 mill. kr. Det vert vist til orientering frå rådmann og økonomisjef i møtet.

Revisjonsmelding og andre merknader frå revisjonen.

Revisor har gitt normal revisjonsmelding for 2010, og er av den oppfatning at årsrekneskapet er gitt i samsvar med lover og forskrifter. Revisor har heller ingen kommentarar til budsjett og årsberetning.

Revisor har i revisjonsrapporten få merknader knytt til dei kontrollane som har vore gjennom året. Område det likevel vert peika på, er:

- Problem med å skilja drift og investering (vart òg nemnt i fjor)
- Delar av momskompensasjonen som er førelagt revisor for attestasjon har ikkje vore kompensasjonsberettiga
- Det same gjeld refusjonskrav for særlig ressurskrevjande brukarar. I tillegg har dokumentasjon for berekning vore mangelfull.
- Revisor har fleire kommentarar knytt til kommunens vedtekte Finansreglement: Kommunen er pr. 31.12. ikkje i samsvar med vedtatt finansreglement pkt. 9.3; maks investering i ulike risikoklassar. Det er dessutan noko som gjeld for heile 2010 utan at avviket har blitt lukka slik eige reglement seier (pkt. 13.1.) Revisor har i tillegg funne rentebindingstid som ikkje er i samsvar med vedtatt finansreglement. Rådmannen har heller ikkje rapportert i tråd med finansreglementet. I tillegg manglar løpetid for passiva i rådmannens rapportering.

Som nemnt innleiingsvis kan kontrollutvalet knyta kommentarar til årsrekneskapen. I så fall må desse innarbeidast i pkt. 1 i kontrollutvalets vedtak. Den framlagde revisjonsrapporten og revisjonsmeldinga tilseier at kommunestyret kan godkjenna årsrekneskapen og årsmeldinga for 2010.

Det vert foreslått at kontrollutvalet følgjer opp revisors merknader i revisjonsmeldinga på sitt møte den 8. september.

Forslag til

VEDTAK:

1. **Kontrollutvalet i Klepp har ingen merknader til den framlagde årsrekneskapen ut over det som går fram av revisors revisjonsrapport og revisjonsmelding.**

2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen til sitt møte den 8. september på korleis kommunen har fylgt opp revisors merknader i revisjonsrapporten, jfr. § 8 i "Forskrift om kontrollutvalg".

SANDNES, 07.04.2011

Wencke s. Olsen
Sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:

Revisjonsrapport

Revisjonsberetning

Årsmelding 2010

Årsregnskap 2010

} Sendes medl. frå Klepp kommune

Til

Kommunestyret i Klepp kommune

Kopi: Kontrollutvalget
Formannskapet
Rådmannen

REVISORS BERETNING FOR 2010

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Klepp kommune, som består av balanse per 31.12.2010, driftsregnskap som viser kr 532.064.196 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 6.856.642, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et uttrykk for kommunens økonomiske stilling per 31. desember 2010 og for resultatet i regnskapsåret i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal regnskapspraksis i Norge, og for slik intern kontroll som styret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder internasjonale revisjonsstandarder vedtatt av International Auditing and Assurance Standards Board. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvise bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvise bilde av den finansielle stillingen til Klepp kommune per 31.12.2010 og av resultater for regnskapsåret som ble

avsluttet per denne datoen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold*Budsjett og budsjettavvik*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen anvendelse av overskuddet


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Stavanger, 28. mars 2011

Deloitte AS



Svein Sivertsen
statsautorisert revisor

[Tilbake](#)

Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe
Att: Rådmann
Kopi: Kontrollutvalget

Stavanger, 28. mars 2011

Revisjonsrapport nr 9
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT FOR ÅRSREGNSKAPET 2010

Vi er nå i ferd med å avslutte revisjonen av årsregnskapet for Klepp kommune for 2010. Vi vil i denne forbindelse knytte noen kommentarer til vårt arbeid og det fremlagte årsregnskap. Revisjonsrapportens formål er å gi en oppsummering av vesentlige forhold som vi er blitt kjent med i løpet av revisjonen.

I vår revisjon har vi gjennomført de revisjonshandlinger vi har ansett nødvendig for å få bekreftet at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrig personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om.

Kommunens ledelse er ansvarlig for å etablere og opprettholde en tilfredsstillende intern kontroll, herunder sørge for at regnskapsføringen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte.

Vi gjør oppmerksom på at vår gjennomgang av den interne kontroll er begrenset til den gjennomgang vi er pliktige iht. god revisjonsskikk.

Uavhengighet og objektivitet

Vi vil innledningsvis bekrefte at revisjonsteamet overholder kravene til uavhengighet og objektivitet i henhold til revisorloven. Vi har heller ikke utført andre tjenester enn revisjons- og revisjonsrelatert arbeid for kommunen.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi lagt vekt på å kontrollere påliteligheten i de interne kontroll- og regnskapsrutiner som fører frem til og danner grunnlaget for avleggelsen av årsregnskapet. Videre har vi utført direkte kontroll av utvalgte poster i regnskapet.

Vi avdekket ikke noen forhold som var av en slik karakter eller størrelse at de skaper usikkerhet med hensyn til det fremlagte årsregnskap.

Revisjonen av årsoppgjøret

Ved vår revisjon av årsoppgjøret har vi lagt vekt på kontroll av fullstendighet av inntekter og gjeld, og gyldighet av eiendeler og kostnader.

Vi har ved våre revisjonshandlinger ikke funnet vesentlige formelle eller materielle feil i det fremlagte regnskap. Vi vil likevel kommentere enkelte forhold nedenfor.

Skillet mellom drift og investering

Det kan være vanskelig å skille mellom hvilke kostnader som regnes som vedlikehold og hvilke kostnader som regnes som investeringer.

Vi viser til tidligere omtale av temaet i revisjonsrapport fra 2007.

Det er viktig at kommunen har problemstillingen omkring drift/investering oppe til vurdering når prosjekter budsjetteres.

Merverdiavgiftskompensasjon

Ved våre kontroller i forbindelse med løpende attestasjon av kompensasjon av merverdiavgift har vi avdekket at deler av kompensasjonskravet som er forelagt til attestasjon ikke er kompensasjonsberettiget.

Vi anbefaler at kommunen skjerper rutinene ved bokføring av kostnader som faller inn under kompensasjon for betalt merverdiavgift. Vi viser også til tidligere omtale av temaet i revisjonsrapport nr 8 fra 2010.

Attestasjon av tilskuddsordning for særlig ressurskrevende sosialtjenester

Ved våre kontroller i forbindelse med attestasjon av særlig ressurskrevende sosialtjenester, har vi avdekket at deler av refusjonskravet som er forelagt til attestasjon ikke er tilskuddsberettiget, samt at fremlagt dokumentasjon for beregning av ressurskrevende tjenester er mangelfull.

Vi anbefaler at kommunen skjerper kontrollene av grunnlaget for innrapportering for særlig ressurskrevende tjenester. Vi viser også til tidligere omtale av temaet i revisjonsrapport nr 6 fra 2010.

Finansreglementet

Kommunestyret i Klepp kommune vedtok nytt Finansforvaltningsreglement i sak 31/10, 21.juni.2010. Formålet med finansforvaltningen er i henhold til Kommuneloven § 52.3, at "kommuner og fylkeskommuner skal forvalte sine midler slik at tilfredsstillende avkastning kan oppnås, uten at det innebærer vesentlig finansiell risiko, og under hensyn til at kommunen og fylkeskommunen skal ha midler til å dekke sine betalingsforpliktelser ved forfall"

Vi har gjennom vår revisjon avdekket at kommunen per 31.12 ikke er i samsvar med sitt eget finansreglement pkt 9.3, som omtaler maks investering i ulike risikoklasser. Vi har også avdekket at kommunen heller ikke har vært i samsvar med dette punktet gjennom 2010, uten at avviket har blitt lukket slik som eget reglement pkt 13.1 sier.

Kommunen er heller ikke i samsvar med finansreglementet pkt 10.5, kulepunkt 8, som sier at maks rentebindingstid er 5 år. Gjennom vår revisjon har vi avdekket at ett av lånene har rentebindingstid på 7 år.


I kommunens finansreglement pkt 12 omtales rapporteringsrutinene som rådmannen skal følge. Gjennom vår løpende revisjon og årsoppgjørrevisjon har vi avdekket at rådmannens rapportering ikke tilfredsstiller kravene. Punkt 12.3, 4 kulepunkt, sier at løpetid for passiva skal opplyses. Dette har ikke vært inkludert i rapporteringen.

Det er viktig at kommunen forbedrer de interne rutinene vedrørende etterlevelse av finansforvaltningsreglement.

Avslutning

Vi kjenner ikke til forhold som gjør at vi må ta forbehold eller presisering i revisjonsberetningen.

Med vennlig hilsen
DELOITTE


Svein Sivertsen
statsautorisert revisor


Eirik Braut
statsautorisert revisor

[Tilbake](#)

Arkivsak : 201000009
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 17.02.2011	Utvalgssaksnr. 8 /2011
---	-------------------------------	----------------------------------

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT: PROSJEKTSTYRING

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Klepp bestilte den 22.04.2010 forvaltningsrevisjonsprosjekt innfor "Prosjektstyring". Prosjektet er i tråd med Plan for forvaltningsrevisjon vedtatt av kommunestyret i Klepp.

Kontrollutvalet fatta i utgangspunktet følgjande vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Klepp ønskjer å gjennomføra forvaltningsrevisjonsprosjektet "Prosjektstyring" i 2010*
2. *Utvalet har for lite midlar til rådighet til å gjennomføra dette prosjektet i 2010, og søkjer derfor kommunestyret om ei tilleggsøyving på 100.000 kr.*

Då kommunestyret avsto frå å gje tilleggsøyving, bestemte kontrollutvalet seg for å gjennomføra det planlagde prosjektet over 2 budsjettår. Det er ikkje i tråd med forskrifta, som krev årleg forvaltningsrevisjon. Departementet har imidlertid opna for at det unntaksvis kan gjennomførast prosjekt over to budsjettår som ei eingongshending, dersom heilt spesielle økonomiske tilhøve gjer seg gjeldande.

Saksutredning:

Kontrollutvalet vedtok ved bestilling av prosjektet at føremålet med prosjektet skulle vera å *vrdera om Klepp kommune sin prosjektstyring bidrar til at byggeprosjekt i kommunen blir gjennomført til rett kvalitet, i rett tid og til rett kostnad.*

Ut frå dette føremålet vart det bestemt å sjå nærare på desse problemstillingane:

1. I kva grad er grunnlaget for politiske vedtak om byggeprosjekt tilstrekkeleg for å:
 - a. nå fastsette mål?
 - b. vedta kostnads- og tidsbudsjett?
2. I kva grad vert byggeprosjekt sett i verk i samsvar med politiske vedtak?
3. I kva grad er byggeprosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold?
4. I kva grad er det etablert system for risikovurdering av byggeprosjekt?
5. I kva grad er det etablert budsjett og framdriftsplan for byggeprosjekta?
6. I kva grad vert prosjekt konkurranseeksponert i samsvar med hovudprinsippa i regelverket om offentlege anskaffingar?
7. I kva grad har Klepp kommune etablert rutinar for å følgje opp framdriftsplanar, budsjett, avviksrapportering og iverksetting av tiltak i prosjektgjennomføringa?
8. I kva grad er det etablert gode rutinar for underveisrapportering til politisk nivå for økonomi og framdrift?
9. I kva grad vert det gjennomført risikostyring i prosjektperioden?
10. I kva grad nyttar kommunen prosjektrekneskap som gjev grunnlag for styring, kontroll og budsjettoppfølging?
11. I kva grad er det gjennomført evaluering av gjennomførte byggeprosjekt som grunnlag for læring og tiltak til forbetring?

Den ferdigstilte rapporten er nå lagt fram for kontrollutvalet til behandling.

Revisor har ved utarbeiding av rapporten nytta dokumentanalyse i form av mellom anna gjennomgang av regelverk, rapportar, vedtak, møtereferat, retningslinjer og rutinar.

Det er i tillegg valt ut tre byggeprosjekt for å vurdere kommunen sin praksis innan prosjektstyring, det er:

- Orre Barnehage
- Bore ungdomsskule - idrettsbygget
- Kleppetunet – ombygging - NAV1

Det er og gjennomført intervju med seks administrative leiarar og leiar for Plan- og byggjenemnda i Klepp kommune. Tre av dei som er intervjuar representerer brukarsida for dei tre utvalde byggjeprojekta revisjonen har gjennomgått.

Kort gjengitt er revisor sine hovudkonklusjonar:

Klepp kommune har i liten grad utarbeidd formelle rutinar for gjennomføring av byggjeprojekt.

Byggjeprojekta i all hovudsak er organisert med klåre rolle- og ansvarsforhold. Det er likevel uklårt kva rolle brukaretaten skal ha i samband med planlegging og gjennomføring av projekta

grunnlaget for politiske vedtak synest i hovudsak å vere tilstrekkeleg. Det vert likevel spesielt peika på informasjon om Lov om offentlege anskaffingar i saksframlegg samt at man bør ha fokus på at kostnadsestimata som blir lagt til grunn for politiske vedtak er tilstrekkeleg realistiske

Kommunen har ikkje etablert system for risikovurderingar av byggjeprojekta i planleggingsfasen

Klepp kommune utarbeider budsjett og framdriftsplanar for byggjeprojekta, og prosjektrekneskapen blir nytta i økonomistyringa av prosjektet

Kommunen har ikkje eit felles prosjektstyringssystem og det blir opplevd at kommunen ikkje har eit godt nok styringssystem for gjennomføring av projekta

Rutinar for rapportering sikrar i hovudsak at det blir gitt tilstrekkeleg med informasjon om utviklinga i økonomi og framdrift i projekta, men det ikkje er definert nærare krav til innhald i rapporteringa til politisk nivå.

Kommunen har ikkje etablert rutinar for evaluering av avslutta byggjeprojekt.

Undersøkinga viser at det i samband med eit av projekta som er gjennomgått, er gjennomført ei anskaffing som ikkje er konkurranseeksponert i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar

Det vert vist til sjølve rapporten for utdjupande informasjon om revisors funn og vurderingar. Revisor kjem med følgjande anbefalingar til kommunen:

Klepp kommune bør:

- revidere instruks for byggjetiltak.
- sikre at praksis er i samsvar med retningsliner/instruks.
- definere rolla til brukaretaten og rollene i avslutningsfasen av projekta nærare.
- sikre at kostnadsestimatet som blir lagt til grunn for politiske vedtak er tilstrekkeleg realistisk.
- vurdere om det i større grad er mogleg å nytte eit prosjektstyringssystem, og
- etablere meir formelle rutinar for prosjektstyringa.
- etablere eit system eller prinsipp for risikovurdering av projekta i planleggingsfasen og systematisk risikostyring i gjennomføringsfasen i større grad definere krav til innhald i rapportering til politisk nivå.
- etablere rutinar for evaluering av avslutta byggjeprojekt.
- sikre at alle anskaffingar i projekta blir konkurranseeksponerte og dokumenterte i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

Rådmannen skal alltid gis høve til å knyta kommentarar til rapporten. Rådmannen sine kommentarar går fram av vedlegg 3 til rapporten. Rådmannen nemner her at rapporten inneheld interessante

vrderingar som kan gi nyttige bidrag ti den politiske debatten. Han gjer deretter greie for kva tiltak kommunen har tenkt å setja i verk ut frå de anbefalingar som går fram av rapporten.

Kontrollutvalet har ansvar for at kommunestyrets vedtak i forbindelse med behandling av gjennomført forvaltningsrevisjon vert følgt opp¹. Rapporten viser m.a. til eit brot på Lov om offentlige anskaffelser. Revisor kommer i tillegg med fleire anbefalingar til kommunen. Det vert foreslått å følgja opp desse anbefalingane ca. 6 mnd. etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.

Forslag til

VEDTAK:

- Kommunestyret i Klepp tar forvaltningsrevisjon vedr. ”Prosjektstyring av byggeprosjekt” til etterretning.
- Rapporten vert oversend rådmannen for vidare oppfølging, spesielt gjeld dette i høve til påvist brot på *Lov om offentlege anskaffelser*
- Kontrollutvalet får tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp ca. 6 mnd etter sluttbehandling i kommunestyret.

Sandnes, 7. april 2011-04-07


Wencke S. Olsen
daglig leder

Vedlegg:
[Forvaltningsrevisjonsrapport](#)

[Tilbake](#)

¹ Jfr. Forskrift om kontrollutvalg § 12: *Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

Forvaltningsrevisjon | Klepp kommune
Prosjektstyring av byggjeprojekt



Innhold

Samandrag	1
1. Innleiing	2
1.1 Føremål og problemstillingar	2
2. Metode	3
2.1 Dokumentanalyse	3
2.2 Gjennomgang av case	3
2.3 Intervju	3
2.4 Verifisering og høyring	3
3. Data	4
3.1 Innleiing	4
3.2 Rutinar og retningslinjer	4
3.3 Grunnlag for politiske vedtak	4
3.4 Iverksetjing av politiske vedtak	5
3.5 Roller og ansvar	6
3.6 Kapasitet og kompetanse	6
3.7 Val av entrepriseform og innhenting av anbod	6
3.8 Risikovurderingar og risikostyring	8
3.9 Budsjett og framdriftsplan	8
3.10 Oppfølging i prosjektgjennomføringa	8
3.10.1 Prosjektstyringssystem	8
3.10.2 Møteplan	8
3.10.3 Framdrift og økonomisk styring i prosjekta	9
3.10.4 Rapportering	9
3.11 Avslutning og evaluering av prosjekt	9
4. Vurderingar	11
5. Forslag til tiltak	13
Vedlegg 1 Revisjonskriterium	14
Vedlegg 2 Oversikt over sentrale dokument og litteratur	22

Samandrag

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Klepp kommune har revisjonen gjennomført forvaltningsrevisjon av prosjektstyring av byggjeprosjekt i Klepp kommune. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å vurdere om Klepp kommune si prosjektstyring bidrar til at byggjeprosjekt blir gjennomført innanfor tids- og kostnadsrammer og i samsvar med politiske vedtak.

I byggjeprosjekta er det kommunestyret som fattar vedtak om gjennomføring, medan ei fast Plan- og byggjenemnd med fem medlemmer valde av kommunestyret tek mange av avgjerslene undervegs. Vidare er sjølve gjennomføringa av byggjeprosjekta organisert under staben til kommunalsjef for Etat for lokal utvikling. I byggjeprosjekta deltek også ei programnemnd som består av kommunalsjefen i brukaretaten, einingsleiar for eininga som skal bruke bygget og tillitsvalde for dei tilsette i brukaretaten.

Klepp kommune har i liten grad utarbeidd formelle rutinar for gjennomføring av byggjeprosjekt. Undersøkinga viser at kommunen sin instruks for byggjetiltak på fleire område ikkje lengre er gjeldande for korleis kommunen gjennomfører byggjeprosjekta.

Undersøkinga viser vidare at byggjeprosjekta i all hovudsak er organisert med klare rolle- og ansvarsforhold, men at kommunen likevel kunne vere tent med at rolla til brukarsida og roller ved avslutning av prosjekta blir klargjort nærare. Det kjem fram i undersøkinga at fleire opplever at kommunen har vore heldig med dei prosjektleiarane som er tilsett i kommunen, men at kapasiteten på prosjektleiarkompetanse i periodar har vore pressa.

Grunnlaget for å fatte politiske vedtak knytt til byggjeprosjekt synast i hovudsak å vere tilstrekkeleg, men det er etter revisjonen si vurdering viktig at kommunen har fokus på å sikre at kostnadsestimatet som blir lagt til grunn er tilstrekkeleg realistisk. Samstundes er det også viktig at andre politiske føringar og mål får merksemd i initiering/planleggingsfasen og i tilstrekkeleg grad inngår i kostnadsestimatet som blir lagt til grunn for politiske vedtak.

Kommunen har ikkje etablert system for risikovurdering, risikostyring eller rutinar for evaluering av avslutta byggjeprosjekt. Vidare viser undersøkinga at kommunen ikkje har eit felles prosjektstyringssystem, men at rutinar for rapportering i hovudsak sikrar at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om utviklinga i økonomi og framdrift i prosjekta. Undersøkinga viser også at ikkje alle innkjøp i prosjekta blir konkurranseeksponerte i samsvar med hovudprinsippa i regelverket om offentlege anskaffingar.

[Tilbake](#)

1. Innleiing

Deloitte har i samsvar med vedtak i kontrollutvalet i Klepp kommune, sak 13/10, gjennomført forvaltningsrevisjon av prosjektstyring av byggjeprojekt i Klepp kommune.

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

1.1 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å vurdere om Klepp kommune si prosjektstyring bidrar til at byggjeprojekt i kommunen blir gjennomført innanfor tids- og kostnadsrammer og i samsvar med politiske vedtak.

Følgjande problemstillingar er undersøkte:

1. I kva grad er grunnlaget for politiske vedtak om byggjeprojekt tilstrekkeleg?
2. I kva grad blir byggjeprojekt sett i verk i samsvar med politiske vedtak?
3. I kva grad er byggjeprojekt organisert med klåre rolle- og ansvarsforhold?
4. I kva grad er det etablert system for risikovurdering av byggjeprojekt?
5. I kva grad blir det etablert budsjett og framdriftsplan for byggjeprojekt?
6. I kva grad blir prosjekt konkurranseeksponert i samsvar med hovudprinsippa i regelverket om offentlege anskaffingar?
7. I kva grad har Klepp kommune etablert rutinar for å følge opp framdriftsplanar, budsjett, avviksrapportering og iverksetting av tiltak i prosjektgjennomføringa?
8. I kva grad er det etablert gode rutinar for undervegsrapportering til politisk nivå om økonomi og framdrift?
9. I kva grad blir det gjennomført risikostyring i prosjektperioden?
10. I kva grad nyttar kommunen prosjektrekneskap som gjev grunnlag for styring, kontroll og budsjettoppfølging?
11. I kva grad er det gjennomført evaluering av gjennomførte byggjeprojekt som grunnlag for læring og tiltak til forbetring?

2. Metode

2.1 Dokumentanalyse

Dokument i form av mellom anna regelverk, rapportar, vedtak, møteterferat, retningslinjer og rutinar er samla inn og gjennomgått.

2.2 Gjennomgang av case

For å vurdere kommunen sin praksis innan prosjektstyring, har revisjonen gjennomgått dokumentasjon knytt til tre utvalde byggjeprojekt. Byggjeprojekta omfattar prosjekt med ulike kostnadsrammer og omfattar prosjekt innan rehabilitering, ombygging og nybygg. I rapporten vil vi vise til døme frå desse projekta der det er relevant.

Følgjande byggjeprojekt blei valt ut:

- Orre Barnehage
- Bore ungdomsskule - idrettsbygget
- Kleppetunet – ombygging - NAV¹

2.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med seks administrative leiarar og leiar for Plan- og byggjenemnda i Klepp kommune i samband med forvaltningsrevisjonen. Tre av dei som er intervjuja representerer brukarsida for dei tre utvalde byggjeprojekta revisjonen har gjennomgått.

Det er skrive referat frå alle intervju, og intervjureferata er verifisert av dei som har blitt intervjuja.

2.4 Verifisering og høyring

Rapportutkast med revisjonskriterium, datadel, vurderingar og forslag til tiltak er sendt til Klepp kommune ved rådmannen for høyring og verifisering av datadel. Rådmannen sine kommentarar til rapporten følgjer av vedlegg 3.

¹ For byggjeprojektet har revisjonen gjennomgått dokumentasjon knytt til det tiltaket som gjeld ombygging av dåverande dagavdeling samt deler av servicetorg-vestibylene til NAV kontor.

3. Data

3.1 Innleiing

Gjennomføring av byggjeprojekt i Klepp kommune er organisert under staben til kommunalsjef for Etat for lokal utvikling. Dette gjeld både rehabilitering, ombygging og nybygg.

Klepp kommune har etablert ei fast Plan- og byggenemnd som består av fem medlemmer samt varamedlemmar som blir valde av kommunestyret. Nemnda har ei sentral rolle i gjennomføring av byggjeprojekt i kommunen.

3.2 Rutinar og retningslinjer

Klepp kommune har utarbeidd ein instruks for byggjetiltak som blei vedteke av kommunestyret i 1998². Det blir opplyst i intervju at instruksen ikkje har blitt oppdatert sidan den blei vedteken, og at beløpsgrensa på kr. 1 mill som definerer når instruksen skal bli nytta ikkje er indeksregulert. Vidare blir det formidla at det er etablert ein annan praksis enn det som går fram av instruksen. Til dømes blir det vist til at Plan- og byggenemnda ikkje utgreier prosjekta, og at nemnda og brukarane ikkje har ein så omfattande gjennomgang av prosjekta som det går fram av instruksen at dei skal. Vidare blir det sagt i intervju at kommunen vurderer om instruksen treng presiseringar i forhold til når Plan- og byggenemnda skal bli involvert, avklåring av prosjektstyringsmål i forhold til brukaretaten sine ønske, og implikasjonar av regelverk om offentlege anskaffingar. Referansar til lov om offentlege anskaffingar går per i dag ikkje fram av instruksen. Det blir vist til at det er semje med Plan- og byggenemnda om dagens praksis.

Økonomireglementet³ regulerer kva instansar som har mynde til å vedta og endre budsjett, samt angje rutinar for rapportering. Etat for lokal utvikling sitt delegasjonsreglement⁴ syner delegert mynde frå rådmannen til kommunalsjef og vidare til avdelingsleiarane i etaten.

Det blir formidla i intervju at prosjektstyring i Klepp kommune i liten grad er basert på formaliserte rutinar. Fleire av dei som er intervjua peiker på at det generelt kunne vore meir struktur kring arbeidet med byggjeprojekta. I eit av intervjua blir det peika på at gjennomføring av byggjeprojekt er basert på tillit mellom dei involverte i prosjektet, og at dette kan vere ei årsak til at Klepp kommune har hatt få formaliserte rutinar.

3.3 Grunnlag for politiske vedtak

I intervju blir det opplyst at så godt som alle byggjeprojekt blir gjennomførte med bakgrunn i kommuneplanen og andre kommunale planar som til dømes skulebruksplan. Planane blir konkretiserte gjennom ein fireårig handlingsplan (økonomiplan) der kommunen prioriterer byggjeprojekta. Det blir gjeve eit kostnadsoverslag (grovkalkyle) for dei prioriterte prosjekta i handlingsplanen.

² Vedteken i kommunestyret 09.02.1998, sak 6/98.

³ Økonomireglement: delegering i budsjettsaker, rapportering og rekneskap, vedteke i kommunestyret i Klepp kommune 10.02.2003, sak 10/03.

⁴ Reglement for delegering – Lokal utvikling, vedteke i kommunestyret 16.06.03, sak 39/03.

På grunnlag av handlingsplanen blir det laga eit romprogram⁵ av ei programnemnd for det ein skilde prosjektet. Undersøkinga viser at det er utarbeidd romprogram i to av dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått. Dette gjeld prosjekta knytt til nybygg og ombygging. For rehabiliteringsprosjektet er det utarbeidd ein tilstandrapport. Programnemnda består av kommunalsjefen i brukaretaten, einingsleiar for eininga som skal bruke bygget og tillitsvalde for dei tilsette i brukaretaten. Utarbeiding av romprogram blir styrt av brukaretaten, medan Etat for lokal utvikling har ein rådgjevarfunksjon. Brukarrepresentantane stadfestar i intervju at brukarane har vore involverte i planleggingsfasen av prosjekta.

Romprogrammet blir presentert for Plan- og byggjenemnda, og nemnda vedtek eit kostnadsestimat for prosjektet på bakgrunn av innstilling frå Etat for lokal utvikling. Kostnadsestimatet blir berekna på bakgrunn av arealbehovet i romprogrammet multiplisert med erfaringstal og kalkulererte kostnader per kvadratmeter. Kostnadsestimatet for dei ein skilde prosjekta blir deretter vedteke i formannskapet og kommunestyret i samband med handsaming av økonomiplan og årsbudsjett, ikkje som eiga sak til politisk handsaming. Det kjem fram i intervju at det kan vere vanskeleg å kalkulere kostnad på rehabiliteringsprosjekt, men at usikkerheit knytt til investeringskostnaden i prosjekta som regel blir uttrykt i saksgrunnlaget for politisk handsaming. I to av dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått går det fram av saksframlegget til kommunestyret at kostnadene i prosjekta er usikre.

3.4 Iverksetjing av politiske vedtak

I intervju blir det formidla at oppstart av byggjeprojekt er basert på budsjettvedtak i kommunestyret, og at vedtaket legg ei tidsmessig og økonomisk ramme for byggjeprojektet. Det blir formidla i intervju at kvalitetsvurderingar og detaljar i prosjekta blir vedteke av Plan- og byggjenemnda.

Dersom det er store avvik frå den løyvde økonomiske ramma frå kommunestyret etter anbodsopning, blir det opplyst at administrasjonen ber om tilleggsøyvingar. Slike tilleggsøyvingar blir teke med i den årlege rulleringa av handlingsplanen og budsjetthandsaminga. Det blir formidla i intervju at det er sjeldan tilleggsøyving blir lagt fram som eiga sak. Dersom anboda er i tråd med eller har mindre avvik i høve til den løyvde økonomiske ramma, blir det gjeve godkjenning frå Plan- og byggjenemnda om å setje i gang prosjektet. Det blir i intervju peika på at ein i periodar med stor etterspurnad og press i marknaden har opplevd fleire tilfelle der det har vore naudsynt å be om relativt store tilleggsøyvingar i løpet av byggeperioden.

For to av dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått, blei det gjeve tilleggsøyvingar frå kommunestyret etter anbodsinnhenting. Eit av desse prosjekta blei sett i gang i samband med tiltakspakka frå staten⁶. Kostnadene blei før innhenting av anbod stipulert til kr 5,5 millionar. Det gjekk fram av saksframstillinga til politisk handsaming at kommunen ikkje hadde full oversikt over arbeidsomfang og kostnader på førehand. Etter anbodsinnhenting synte det seg at kostnadene var omtrent dubla.

Når det gjeld krav til kvalitet i prosjekta blir det formidla i intervju at Klepp kommune har målsettingar knytt til universell uforming, energibruk og reduserte vedlikehaldskostnader. I dei tre prosjekta som revisjonen har gjennomgått er brukarane nøgde med bygga slik dei har blitt overleverte. Det blir likevel formidla i intervju at prosjekta først og fremst synast å vere styrt etter pris og ikkje etter kvalitetskriterium. Det blir vist til at det til dømes er lite fokus på energisparande tiltak.

⁵ Romprogram syner ei oversikt over rom med arealbehov i bygget og samla netto areal.

⁶ Eingongstilskot i 2009 for å for å stimulere den økonomiske aktiviteten i kommunesektoren.

Det blir vidare formidla at administrasjonen har stort handlingsrom i høve til prosjektgjennomføringa, etter at prosjektet er sett i gang. I intervju blir det gjeve uttrykk for at dette gjer prosessane knytt til gjennomføringa av prosjekt meir effektive. Det blir formidla i intervju at kommunestyret gjev gode tilbakemeldingar på gjennomføring av byggjeprojekt, og at kommunestyret har tillit til det arbeidet administrasjonen og Plan- og byggjenemnda utfører.

3.5 Roller og ansvar

I intervju blir det formidla at Plan- og byggjenemnda har ei sentral rolle i oppfølging av byggjeprojekt og at det er nemnda som tek dei løpande avgjerelsene undervegs i eit prosjekt på bakgrunn av innstillingar frå Etat for lokal utvikling. Vidare blir det formidla at Plan- og byggjenemnda har månadlege møte der aktuelle saker knytt til pågåande prosjekt blir handsama. Erfaringa til dei som er intervjuar er at denne ordninga har fungert godt.

Det blir opplyst at rolledeilinga mellom leiinga i Etat for lokal utvikling, prosjektleiinga i Etat for lokal utvikling og Plan- og byggjenemnda er tilstrekkeleg avklåra. Det kjem vidare fram at brukarrepresentanten si rolle i prosjektgjennomføringa kunne vore avklåra nærare. Det blir formidla at uklårheita ligg i skiljet mellom brukarmedverknad og styring frå brukar. Det blir også formidla at roller i samband med avslutninga av prosjekta kunne vore meir avklåra. Både representantar frå Etat for lokal utvikling og brukarar peiker i intervju på at rolleavklåring gjerne kan inngå i ei skriftleg rutine.

3.6 Kapasitet og kompetanse

I staben til Etat for lokal utvikling er det to prosjektleiarar i 100% stilling. Fram til 2009 var det berre ei prosjektleiarstilling. I tillegg til dei to prosjektleiarane har ein av dei tilsette i vedlikehaldsavdelinga prosjektleiaransvar for mindre prosjekt som ein del av stillinga. Mindre rehabiliteringsprosjekt er definert som vedlikehald og blir difor styrt av vedlikehaldsavdelinga i Etat for lokal utvikling. På slike prosjekt rapporterer den ansvarlege for prosjektet til prosjektleiar i staben til Etat for lokal utvikling, og ikkje til vedlikehaldsleiar slik rutinen er ved ordinært vedlikehald av bygningane.

I eit av intervjuar blir det formidla at sårbarheita i prosjekta er knytt til kompetanse både hos prosjektleiar og byggeleiar. Det blir gjeve uttrykk for at kommunen har vore heldig med dei prosjektleiarane som er tilsett i kommunen. Fleire av dei som er intervjuar opplever at kapasiteten på prosjektleiarkompetanse i periodar har vore pressa. Ein av dei som er intervjuar viser til at det ved fråver vil vere risiko for at kommunen ikkje har tilstrekkeleg kontroll over prosjekta.

Det blir opplyst i intervju at kommunen i tillegg til sine eigne ressursar alltid nyttar innleigde rådgjevande tenester på totalentreprisar og delte entreprisar. I tillegg kjøper kommunen som oftast byggeleiingstenester på store prosjekt. I intervju blir det vist til at rådgjeving er naudsynt for kvalitetssikring og for å supplere kapasiteten i Etat for lokal utvikling. Det blir vidare opplyst at kommunen har inngått rammeavtaler om rådgjevande tenester innanfor ventilasjons- og elektrofaget, men ikkje innanfor byggfag. Kommunen gjer difor enkeltutlysingar av byggfagleg rådgjeving for det einskilde prosjekt. I eit av intervjuar blir det formidla at kommunen opplever at det kan vere utfordrande å få tak i dei rette rådgjevarane i dagens marknad, og at dette kan føre til kostnadsproblem i prosjekta. Vidare blir det i intervju peika på at prosjektgjennomføringa kan bli for avhengig av den eksterne byggeleiaren som er leigd inn på prosjekta.

3.7 Val av entreprisform og innhenting av anbod

Kommunen har ikkje faste kriterium for val av entreprisform. I intervju blir det vist til at val av entreprisform blir vurdert i høve til kompleksitet og framdrift (tidsaspekt) ved prosjektet. Dersom det er eit bygg med låg kompleksitet, velgjer kommunen som oftast totalentreprise. Det blir opplyst at denne entreprisforma har låg risiko for tids- og kostnadssprekk. Totalentreprise blir brukt mellom anna på barnehagar. På meir komplekse bygg nyttar kommunen delt entreprise.

Kommunen har ein desentralisert innkjøpsfunksjon, og det er prosjektleiarane i staben i Etat for lokal utvikling som står for anbudsprosessen knytt til byggjeprojekta. Det blir opplyst i intervju at staben i Etat for lokal utvikling ikkje har skriftlege rutinar for innhenting av anbod. Tilsette i etaten har gjennomført kurs i regelverket om anskaffingar, og det blir i intervju vist til at prosjektleiar innhentar hjelp anten frå andre innanfor Etat for lokal utvikling, frå økonomiavdelinga eller ekstern juridisk kompetanse ved behov for avklåringar. Det blir formidla at det er ei prosjekteringsgruppe som utarbeidar og står ansvarleg for sjølve anbudsgrunnlaget. Prosjekteringsgruppa består av arkitekt, rådgjevande ingeniørar, brukarrepresentantar, tillitsvalde, prosjektleiar og eventuelt ein innleigd prosjekteringsleiar.

I intervju blir det vist til at det i anbudsgrunnlaget blir det teke atterhald om budsjettdekning for prosjektet. I anbudsdokumenta stiller kommunen krav til HMT – system (helse, miljø og tryggleik) hos tilbydar, lærlingordning og at tilbydar skal ha eit kvalitetssikringssystem.

Vanlegvis er det prosjektleiarane i staben i Etat for lokal utvikling som står for utlysinga av prosjektet i Doffin-databasen⁷. Unntaksvis kan også dette bli utført av innleigd prosjekteringsleiar. Vidare blir opning av anboda gjort av prosjektleiarane i Etat for lokal utvikling og eventuelle eksterne rådgjevarar. I intervju blir det formidla at det ikkje blir utarbeidd anskaffingsprotokollar, men at alle dokument blir registrerte og arkiverte i saksmappene. Det er dokumentert anbudsopning⁸ og anbudsevaluering for alle dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått, men det er ikkje utarbeidd ein samla anskaffingsprotokoll for kvart av prosjekta.

I intervju blir det vist til at det førekjem at kommunen nyttar lokale firma til rådgjevingstenester i samband med byggjeprojekt under kr. 500 000,-. Desse oppdraga blir ikkje lyst ut, men aktuelle firma blir førespurt om å kome med tilbod. Det blir opplyst at anskaffingsprotokoll for desse oppdraga er oppbevart hos prosjektleiar. Det blir vidare formidla at alle prosjekt og arbeid på over kr. 500 000 blir lyst ut i tråd med lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Anbudsprosess i samband med store byggjeprojekt blir dokumentert i sak til Plan- og byggenemnda. I dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått er anskaffingsprosessen skildra i sak til Plan- og byggenemnda. Eit av prosjekta revisjonen har gjennomgått er budsjettert til 3 millionar kroner⁹. Dette prosjektet er ikkje lyst ut gjennom Doffin-databasen. For prosjektet står følgjande i sak til Plan- og byggenemnda:

”For å gjera plan- og byggjeprosessen så rask og rimeleg som mogeleg, har vi gått utanom rådgjevande ingeniørar og i staden laga ein enkel funksjonsbeskrivelse sjølv, for deretter å gå ut til firma (4 stk) som ein veit er vane med denne type oppdrag, og la desse konkurrera om jobben i ein slags totalentreprise.”

Ein av dei som blei intervjuja seier at det er ein krevjande jobb å kontrollrekne atterhald i anboda slik at ein får eit reelt samanlikningsgrunnlag mellom tilbydarane. Innkomne anbod blir evaluert av eksterne rådgjevarar på dei ulike faga, medan prosjektleiarane i Etat for lokal utvikling skriv innstillinga om val av tilbydar til Plan- og byggenemnda. Det blir vist til at det er svært sjeldan at nemnda gjer endringar i høve til innstilling frå administrasjonen ved val av entreprenør. Ei politisk handsaming blir likevel opplevd som ei god kvalitetssikring av prosessen og valet. I intervju blir det formidla at det som oftast er

7 Doffin (Database for offentlige innkjøp) er eit internettbasert tilbod i regi av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Tilbodet er meint å hjelpe oppdragssøkarar og oppdragsgivarar til å leggje ut og finne informasjon om anskaffingar i offentlig- og forsyningssektor.

8 Protokollen gjev opplysningar om prosjekt, oversyn over firma som har levert tilbod, anbudssum og eventuelle merknader. Datert og underteikna av dei som var tilstades.

9 Dette gjeld tiltaket ombygging av NAV som er eitt av to tiltak i Sak 3/09 Kleppetunet – Ombygging - NAV, vedteke i Plan- og byggenemnda 19.02.09.

den leverandøren som har lågast pris som blir valt, og at dette ikkje alltid er det tilbodet som har best kvalitet.

Kommunen nyttar standardkontrakten NS 8405 ved kontraktsinngåing mellom kommunen og leverandør, og det blir halde avklaringsmøte og kontraktsmøte.

3.8 Risikovurderingar og risikostyring

Klepp kommune har ikkje etablert eit system eller prinsipp for risikovurdering av prosjekta i planleggingsfasen. Kommunen har heller ikkje etablert eit system for systematisk risikostyring i gjennomføringsfasen. I intervju blir det vist til at dette er eit område kommunen ikkje er god nok på.

Representantar frå både brukaretatane og administrasjonen i Klepp kommune seier i intervju at dei opplever at risikovurderingar i prosjekta ikkje blir gjennomført på ein systematisk måte. Det blir mellom anna formidla at det er eit betydeleg element av skjønn i risikovurderingane, og at vurderinga hovudsakleg er knytt til helse, miljø og tryggleik (HMT). Det blir i liten grad vurdert risiko i høve til økonomi, framdrift mm. I dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått er det ikkje dokumentert risikovurdering i planleggingsfasen. I intervju blir det vist til at det i prosjektgjennomføringa blir gjort risikovurderingar i tråd med krava i arbeidsmiljølova. I to av prosjekta revisjonen har gjennomgått er det dokumentert handtering av HMT- risiko i referat frå byggjemøte. Det er ikkje dokumentert systematisk risikostyring i gjennomføringsfasen, men fokuset på framdrift i prosjekta går fram av referat frå byggjemøte.

3.9 Budsjett og framdriftsplan

I intervju blir det opplyst at budsjett for det einskilde byggjeprosjekt blir utarbeidd i samband med godkjenning av anboda i Plan- og byggjenemnda. Vidare går det fram at dette er grove budsjett som skal innehalde alle kostnader i prosjektet. I desse budsjetta blir det kalkulert med små marginar for utføresette kostnader på totalentreprisar, medan ein har 10 % margin på uteareal og 15-20 % på rehabilitering. Det kjem fram i intervju at marginane ofte blir sett ut i frå kva midlar som er tilgjengeleg i høve til investeringsramma for prosjektet i økonomiplanen.

Det blir opplyst at det blir utarbeidd framdriftsplanar med milestolpar for alle prosjekta. I dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått er det utarbeidd både budsjett og framdriftsplanar. I to av dei tre prosjekta er det knytt dagsmulkt til manglande framdrift i høve til leverandøren sitt kontraktarbeid. I det siste prosjektet er dagsmulkt knytt til ferdigstillingsdato for prosjektet. Framdriftsplan for prosjekta blir som regel inkludert i sakene som går til Plan- og byggjenemnda, men ikkje i saker til kommunestyret.

3.10 Oppfølging i prosjektgjennomføringa

3.10.1 Prosjektstyringssystem

I intervju blir det opplyst at kommunen i all hovudsak har god oversikt og kontroll med gjennomføring av byggjeprosjekt, så vel byggteknisk som økonomisk. Kommunen nyttar likevel ikkje eit felles prosjektstyringssystem. For å halde oversikt over prosjekta har prosjektleiarane i Etat for lokal utvikling laga eit eige system bygd på uttrekk frå økonomisystemet i kommunen. I intervju blir det peika på at kommunen ikkje har eit godt nok styringssystem for gjennomføring av prosjekta. Samstundes blir det vist til at dei innleigde byggjeleiarane ofte har ulike elektroniske program som blir nytta i prosjekta.

3.10.2 Møteplan

Det blir ikkje utarbeidd møteplanar, men i intervju blir det vist til at det blir halde jamlege byggjemøte i løpet av byggjeprosjekta. Brukarrepresentant er representert i slike møte. Referat frå byggjemøta blir

sendt til kommunalsjef, rådmann og involverte partar, til dømes leverandørar, brukarar av bygget og vaktmeister. I tillegg blir det gjennomført synfaring på byggjeplassen og gjennomført møte ved behov.

3.10.3 Framdrift og økonomisk styring i prosjekta

Møtoreferat frå byggjemøta i dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått viser at framdrift i prosjekta er tema på kvart byggjemøte. I intervju blir det peika på at det i byggjemøta har vore tett oppfølging av prosjekta i høve til både framdrift og kostnad, og at avvik har blitt løpande vurdert og handtert. I eit av intervju blir det trekt fram at nokre avvik kunne vore unngått dersom alle relevante forhold og behov i tilstrekkeleg grad hadde blitt vurdert i samband med planlegginga av prosjektet.

Det er prosjektleiarane i Etat for lokal utvikling som utarbeider prosjektrekneskapan. Økonomiavdelinga i kommunen kontrollerer prosjektrekneskapan mot kommunerekneskapan og tek ut rapportar på restansar og eventuelle manglande attestasjonar og tilvisingar. Etat for lokal utvikling har ansvaret for oppfølginga av kostnadssida ved byggjeprosjektet, og i samband med oppfølging av budsjett for prosjekta blir det teke ut rapportar frå rekneskapssystemet til kommunen. Det blir opplyst i intervju at økonomiavdelinga ikkje er involvert i økonomistyringa av prosjekta, men har ansvar for det som dreier seg om finansiering av prosjektet.

I intervju blir det opplyst at moglege budsjettavvik i byggjeprosjekta blir kontrollert i samband med tertialrapportering eller når prosjektleiar vurderer det som naudsynt. Det blir vidare vist til at prosjekta blir styrt etter den totale ramma, ikkje etter dei detaljerte postane i budsjettet. Ved avvik frå budsjett gjer prosjektleiar grep for å redusere avvika. Dersom det er naudsynt med ekstraløyvingar undervegs i prosjektet, blir dette handsama av kommunestyret. Samstundes blir det peika på at ein ved avvik som blir oppdaga undervegs, ikkje kan stanse arbeidet i påvente av tilleggsøyving då bygga må bli ferdigstilte innan fastsett tidsramme. I intervju blir det gjeve uttrykk for at det ikkje har vore tilfelle der det er avdekkja uforholdsmessig store avvik i samband med rekneskapsavslutninga.

3.10.4 Rapportering

I møte i Plan- og byggenemnda blir det regelmessig orientert om framdrifta i prosjekta. Det er ikkje sett krav til innhaldet i ei slik orientering, men det blir vist til at tema ofte er framdrift, økonomi og kvalitet i prosjekta, i tillegg til konkrete vedtak. Ved avvik i høve til framdrift og økonomi blir dette meldt til Plan- og byggenemnda. I tillegg inngår informasjon om dei ulike prosjekta i årsplanane for Etat for lokal utvikling. Desse årsplanane blir årleg lagt fram for hovudutval for lokal utvikling til orientering.

Det blir også rapportert om prosjekta i kommunen sine tertialrapportar og årsmeldingar, som blir handsama av kommunestyret. I tertialrapportane blir det gjeve ei prosjekt-/investeringsoversikt som viser prosjektnamn, løyvingar tidlegare, løyving gjennom handlingsplan, sum løyving, brukt hittil, prognose, og beløp for løyving i ny handlingsplanperiode. I teksten blir enkelte av prosjekta skildra, til dømes kan det gå fram om det er endringar i høve til prognosar for prosjekta. I tertialrapport for 2. tertial 2010 blir det til dømes vist til at "så langt ein har kjennskap til nå er prosjekta i rute, utan særleg auke eller reduksjon i prognosar gitt i førre tertialrapport". I den grad det blir skildra status utover dette er det for å forklare eventuelle usikkerheiter i prognoser, til dømes "anbod er enno ikkje innhenta".

Leiar for Plan- og byggenemnda gjev orienteringar til formannskapet dersom det er spørsmål om eit prosjekt, og han svarer også på eventuelle spørsmål i kommunestyret.

3.11 Avslutning og evaluering av prosjekt

For dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått, er det dokumentert overtakingsprotokoll med krav til og frist for utbetring av feil og manglar. Det blir gjeve melding til brukar om å melde eventuelle avvik på bygget før det blir gjennomført 1årsbefaring i garantiperioden, men kommunen har ikkje eit eige system

for å registrere eller melde inn avvika. I intervju blir det vist til at brukarrepresentantane melder avvik både til leverandør og til prosjektleiar, til dømes på telefon eller e-post. I eit av intervju blir det vist til at kommunen har hatt utfordringar knytt til å handheve garantiar overfor entreprenørane, spesielt i høve til delt entrepris kor det kan vere vanskeleg å få plassert ansvaret.

Kommunen gjennomfører ikkje systematiske prosjektevalueringar. Etat for lokal utvikling utarbeider ei sluttmelding for avslutta prosjekt som blir lagt fram for kommunestyret. Sluttmeldinga inneheld ei kort skildring av prosjektet og gjennomføringa, aktørar som har vore med i prosjektet, samla over- eller underforbruk, informasjon om kvm pris og vedlagt rekneskapsavslutning på overordna nivå.

Det går fram av økonomireglementet og instruks for byggjetiltak at rekneskapen for byggje- og anleggsprosjekta normalt sett skal avsluttast og handsamast i kommunestyret seinast eitt år etter at prosjektet er ferdigstilt og overtatt av Klepp kommune. Det er levert sluttmelding til kommunestyret for eitt av dei tre prosjekta revisjonen har gjennomgått, sjølv om alle prosjekta er avslutta for over eitt år sidan. I intervju og av dokumentasjon frå Klepp kommune kjem det fram at det i praksis ofte tek lengre tid før prosjektrekneskapen blir lagt fram for kommunestyret. Dette skuldast at hovudregelen er at det gjenstår mindre restarbeid og ein garantiperiode når bygg blir tekne i bruk. Rekneskapen med alle kostnader kan difor ikkje avsluttast før alle justeringar og tilpassingar er utført. Byggjerekneskapen blir kontrollert av økonomiavdelinga. I følgje instruks for byggjetiltak skal byggjerekneskapen også kontrollerast av revisjonen før politisk handsaming, men det blir opplyst i intervju at dette ikkje lengre blir praktisert.

[Tilbake](#)

4. Vurderingar

Klepp kommune har i liten grad utarbeidd formelle rutinar for gjennomføring av byggjeprojekt. Det kjem også fram at kommunen sin praksis for gjennomføring av byggjeprojekt på fleire område avvik frå kommunen sin instruks for byggjetiltak. Etter revisjonen si vurdering er det ikkje tilfredsstillande at etablert praksis ikkje er i samsvar med gjeldande instruks. Ved behov for endringar i kommunen sin praksis, er det viktig at instruks for byggjetiltak blir revidert. Dette er mellom anna viktig for å unngå tvil om kva som er gjeldande rutinar og retningslinjer. Uklåre eller manglande rutinar og retningslinjer kan medføre risiko for ulik praksis, og at kommunen blir unødig sårbar t.d. ved organisatoriske endringar eller i situasjonar der tilsette sluttar. Vidare er det viktig at instruksen refererer til relevant regelverk, til dømes regelverket om offentlege anskaffingar.

Det er revisjonen si vurdering at byggjeprojekta i all hovudsak er organisert med klare rolle- og ansvarsforhold. Samtidig går det fram at det i enkelte tilfelle kan vere usemje om kva rolle brukaretaten skal ha i samband med planlegging og gjennomføring av projekta, samt at roller og ansvar ved avslutning av prosjekt bør presiserast nærare. Kommunen synast difor å vere tent med at rolla til brukarsida og roller ved avslutning av projekta blir klargjort nærare.

Undersøkinga viser at vedtak i kommunestyret om gjennomføring av byggjeprojekt legg ei tidsmessig og økonomisk ramme for prosjektet, medan Plan- og byggenemnda er involvert i meir detaljerte avgjerder knytt til gjennomføring av projekta. Etter revisjonen si vurdering synest grunnlaget for politiske vedtak i hovudsak å vere tilstrekkeleg. Samstundes vil revisjonen peike på at informasjon om krav i regelverk om offentlege anskaffingar ikkje i tilstrekkeleg grad går fram av saksframlegg til Plan- og byggenemnda i eit av dei gjennomgatte casa. For to av dei tre projekta revisjonen har gjennomgått var det behov for tilleggslysingar frå kommunestyret. Revisjonen vurderer det difor som viktig at kommunen har fokus på å sikre at kostnadsestimata som blir lagt til grunn for politiske vedtak er tilstrekkeleg realistiske.

Det er ikkje avdekkja forhold som indikerer at byggjeprojekt ikkje blir sett i verk i samsvar med politiske vedtak. Undersøkinga viser at tids- og kostnadsramme har hovudfokus i prosjektgjennomføringa. Revisjonen vurderer det som viktig at administrasjonen også sikrar at eventuelle andre politiske føringar og mål får tilstrekkeleg merksemd i initiering/planleggingsfasen og i tilstrekkeleg grad inngår i kostnadsestimatet som blir lagt til grunn for politiske vedtak.

Kommunen har ikkje etablert system for risikovurderingar av byggjeprojekta i planleggingsfasen. Etter revisjonen si vurdering kan dette medføre at ikkje alle sentrale risikoforhold i prosjektet blir identifisert i denne fasen. Manglande risikovurdering i planleggingsfasen kan også medføre at prosjektstyringa for det enkelte prosjekt ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til den risikoen som ligg i gjennomføringsfasen av prosjektet. Revisjonen vurderer det som viktig at kommunen etablerer prinsipp både for risikovurderingar i planleggingsfasen, og systematisk risikostyring i gjennomføringsfasen. Dette for å sikre at relevante risikoforhold blir handtert på ein tilfredsstillande måte.

Undersøkinga viser at Klepp kommune utarbeider budsjett og framdriftsplanar for byggjeprojekta, og at prosjektrekneskapan blir nytta i økonomistyringa av prosjektet. Oppfølging av framdrift i projekta synast å bli teke i vare gjennom byggjemøta og gjennom dialog med leverandøren. Undersøkinga viser

at moglege budsjettavvik i byggjeprojekta blir kontrollert i samband med tertialrapportering eller når prosjektleiar vurderer det som naudsynt. Revisjonen vurderer det som viktig at kommunen sikrar at ein har rutinar for systematisk og tett budsjettoppfølging av byggjeprojekta slik at moglege tiltak kan settast i verk så tidleg som mogleg.

Vidare viser undersøkinga at kommunen ikkje har eit felles prosjektstyringssystem og at det blir opplevd at kommunen ikkje har eit godt nok styringssystem for gjennomføring av projekta. Kommunen bør vurdere å nytte eit prosjektstyringssystem som kan bidra til ein meir systematisk dokumentasjon og gjennomføring av prosjektaktivitetane. Mangelen på eit felles prosjektstyringssystem kan innebære ein risiko for at det utviklar seg ulik praksis både når det gjeld kva aktivitetar som blir gjennomførte, og korleis projekta blir dokumenterte.

Rutinar for rapportering sikrar i hovudsak at det blir gitt tilstrekkeleg med informasjon om utviklinga i økonomi og framdrift i projekta. Undersøkinga visar samstundes det ikkje er definert nærare krav til innhald i rapporteringa til politisk nivå. Dette kan innebære ein risiko for at det utviklar seg ulik praksis for rapportering. Revisjonen vurderar difor at krav til innhald i rapporteringa til politisk nivå bør definerast nærare.

Kommunen har ikkje etablert rutinar for evaluering av avslutta byggjeprojekt. Ei systematisk evaluering vil kunne bidra til læring og innspel til forbetringar i dei ulike fasane av projekta, og kan etter revisjonen si vurdering vere viktig til dømes i kommunen si utvikling av retningslinjer og rutinar knytt til gjennomføring av byggjeprojekt. I samband med evaluering av avslutta byggjeprojekt, vurderer revisjonen det også som viktig at alle sentrale partar i prosjektet får moglegheit til å kome med innspel.

Undersøkinga viser at det i samband med eit av projekta som er gjennomgått, er gjennomført ei anskaffing som ikkje er konkurranseeksponert i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar. Dette gjeld anskaffing knytt til prosjektet på 3 millionar kroner som ikkje er lyst ut gjennom Doffin-databasen. Mottekne protokollar i samband med forvaltningsrevisjonen gjev heller ikkje tryggleik for at anskaffingsprotokollar blir utarbeidd i samsvar med krava i forskrift om offentlege anskaffingar.

Undersøkinga viser at det blir gjort anskaffingar av rådgjevingstenester frå lokale firma, og at arkivering av protokollar for slike anskaffingar følgjer ein annan praksis enn for øvrige anskaffingar. Revisjonen har ikkje gjennomgått desse protokollane, og kan såleis ikkje uttale seg om i kva grad desse anskaffingane er gjort i samsvar med regelverket.

Revisjonen vil peike på viktigheita av at kommunen sikrar at alle anskaffingar blir konkurranseeksponerte og dokumenterte i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar. Mellom anna må kommunen sikre at dei følgjer krava i regelverket om protokollplikt ved kjøp over kr. 100 000. Revisjonen vil peike på at manglande konkurranseeksponering og etterprøvingstilgong bryt med grunnleggjande rettsreglar i lova om offentlege anskaffingar, jf. LOA § 5. Desse grunnleggjande rettsreglane skal sikre likebehandling av leverandørar og eit gjennomsiktig system for å førebyggje mot utilbørleg framferd i samanheng med innkjøp. Slik manglande konkurranseeksponering og etterprøvingstilgong blei også påpeika i forvaltningsrevisjonen av innkjøp i Klepp kommune i 2009.

5. Forslag til tiltak

Klepp kommune bør:

- revidere instruks for byggjetiltak.
- sikre at praksis er i samsvar med retningslinjer/instruks.
- definere rolla til brukaretaten og rollene i avslutningsfasen av prosjekta nærare.
- sikre at kostnadsestimatet som blir lagt til grunn for politiske vedtak er tilstrekkeleg realistisk.
- vurdere om det i større grad er mogleg å nytte eit prosjektstyringssystem, og etablere meir formelle rutinar for prosjektstyringa.
- etablere eit system eller prinsipp for risikovurdering av prosjekta i planleggingsfasen og systematisk risikostyring i gjennomføringsfasen.
- i større grad definere krav til innhald i rapportering til politisk nivå.
- etablere rutinar for evaluering av avslutta byggjeprosjekt.
- sikre at alle anskaffingar i prosjekta blir konkurranseeksponerte og dokumenterte i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

[Tilbake](#)

Vedlegg 1 Revisjonskriterium

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lovar, regelverk, teori og standardar, samt relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon¹⁰.

Kommunelova¹¹

Vedtaksmynde

Av kommunelova § 6 går følgjande fram om "Kommunestyre og fylkesting":

"Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak."

Av § 8, 3. ledd går følgjande fram om formannskapet si rolle:

"Formannskapet og fylkesutvalget behandler forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. For øvrig fastsetter kommunestyret og fylkestinget selv området for formannskapets og fylkesutvalgets virksomhet. Formannskapet og fylkesutvalget kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov."

I kommunelova § 10, 2. ledd går det fram at kommunestyret sjølv fastset "(...)området for de faste utvalgs virksomhet. Slike utvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov."

Årsregnskapen og årsmeldinga

Av kommunelova § 48, 2. ledd går det fram at:

"Årsregnskapet skal omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene. Alle kjente utgifter og inntekter i året skal tas med i årsregnskapet for vedkommende år, enten de er betalt eller ikke når årsregnskapet avsluttes. Årsregnskapet skal føres i overensstemmelse med god kommunal regnskapskikk."

Administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde

Av kommunelova § 23, 2. ledd går følgjande fram om "Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet":

"Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges frem for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll."

¹⁰ RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon.

¹¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), LOV-1992-09-25-107.

Klepp kommune sine styringsdokument

Instruks for byggjetiltak

Klepp kommunen sin instruks for byggjetiltak blei vedteken i kommunestyret 09.02.1998, sak 6/98.

Verkeområde

Instruksen gjeld for byggjetiltak av typen nybygg/tilbygg, påbygg/underbygg og ombygging/rehabilitering som skal gjennomførast av Klepp kommune som tiltakshavar, og som har ein kostnadsramme på minst 1 000 000 kronar.

Førebuaende handsaming - programnemnd

I høve til førebuaende handsaming av tiltaka går det fram av instruksen at rådmannen med bakgrunn i kommuneplan, strategiplan eller andre strategidokument skal sørge for å oppnemne ei programnemnd. Denne skal vere samansett av følgjande representantar:

- Representant frå brukaretaten utpeika av etatssjef
- Representant for dei tilsette utpeika av dei tilsettes organisasjonar
- Representant frå eigedomsavdelinga utpeika av eigedomssjefen
- I tillegg kan nemnda knytte til seg intern og/eller ekstern hjelp.

Eigedomsavdelinga er sekretariat for nemnda.

Programnemnda skal:

- utgreie og grunngje behovet for tiltaket,
- utarbeide romprogram
- utarbeide kostnadsoverslag med bakgrunn i mellom anna tomteforhold, regulering, kommunaltekniske- og byggingsmessige forhold, og forhold som inventar og utstyr og utandørsanlegg
- utarbeide ideskisser/programskisser etter behov

Programnemnda sitt arbeid sendast rådmannen for innarbeiding i økonomiplanen.

Plan- og byggjenemnd

Plan- og byggjenemnda er sett saman av fem medlemmar som er valde av kommunestyret. Ordførar, rådmann og etatssjef for brukaretaten har dessutan møterett.

Eigedomsavdelinga er sekretariat for nemnda og fagleg ansvarleg for gjennomføringa av byggjetiltaka.

Det skal førast møtebok og utskrift av møtebok skal sendast medlemmane, andre deltakarar på møte, rådmannen og revisjonen.

Entrepriseform

Plan- og byggjenemnda vel entrepriseform.

Planarbeidet

Vidare seier instruksen at Plan- og byggjenemnda skal:

- avgjere om ein startar planarbeidet direkte med forprosjekt ved mindre tiltak.
- engasjere rådgjevarar viss naudsynt.
- utarbeide skisseprosjekt med kostnadskalkyle og framdriftsplan som leggst fram for kommunestyret til godkjenning og løyving (gjeld ikkje for totalentreprise).
- gjennomføre ei grundig prosjektgranskning med utgangspunkt i skisseprosjektet saman med representant for brukaretat og evt. spesialkompetanse, med hovudvekt på
 - Planløysing
 - God arealutnytting – økonomi
 - Estetikk
- velje anbydar ved totalentreprise og legg fram anbod med grunngjeve innstilling for kommunestyret til godkjenning og løyving.
- sørgje for utarbeiding av detaljerte planar.

Gjennomføring

Om denne fasen går det fram av instruksen at sekretariatet sørgjer for utarbeiding av anbodsdokument og gjennomfører anbodsprosessen etter gjeldande Norsk Standard. Instruksen seier vidare at det bør innhentast anbod på alle arbeid samstundes og før fysisk arbeid blir sett i gang.

Plan- og byggjenemnda godkjenner anboda. Overstig kostnadene løyvingane til tiltaket, avgjer kommunestyret saka.

Sekretariatet sørgjer for utarbeiding av kontraktar. Av instruksen går det vidare fram at viss seinare endringar i kontrakt/byggjetiltak førar til økonomiske konsekvensar av verdi utover vedtekne løyvingar, skal det straks gis melding til rådmannen med forslag til dekningsmåte.

Av instruksen går det vidare fram at før tiltaket blir sett i gang skal finansieringa vere ordna og godkjend av fylkesmannen. Tidspunktet for igangsetting av tiltaket blir fastsett av rådmannen.

Tilvising

Eigedomssjefen skal tilvise alle rekningar som gjeld byggjetiltaket etter dokumentasjon frå eventuell byggeleiar. Dersom det kan/vil bli overskridingar i høve til vedtekne løyvingar skal det straks gis melding til rådmannen med forslag til dekningsmåte.

Overtaking og avslutning/reklamasjon

Av instruksen går det fram at overtakinga skal skje i samråd med gjeldande Norsk Standard og at utskrift av overtakingsprotokoll skal sendast rådmann og kommunerevisjon. Plan- og byggjenemnda skal delta i overtakinga av byggjetiltaket.

Når det gjeld avslutning av byggjeprosjekt går det fram av instruksen at byggjerekneskapen normalt skal vere avslutta seinast eitt år etter overtakinga. Sluttmelding og rekneskap blir behandla av Plan- og byggjenemnda og oversendt kommunerevisjonen og kontrollutvalet utan unødig opphald. Kontrollutvalet handsamar rekneskapen etter at han er handsama av kommunerevisjonen og gjev innstilling til kommunestyret.

Avslutningsvis seier instruksen at reklamasjonstida er tre år frå overtaking av tiltaket og at det innan utløpet av denne tida skal haldast synfaring av kontraktarbeida. Feil og manglar som blir funne skal rettast så snart råd er.

Økonomireglement: delegering i budsjettsaker, rapportering og rekneskap¹²

I økonomireglementet til Klepp kommune står mellom anna følgjande om kommunestyret sitt ansvar:

”2.1.1 Kommunestyret skal innan utgangen av året (31.12) vedta ein rullerande økonomiplan og eit samla driftsbudsjett for neste år. Budsjettet er fyrste året i økonomiplanen.”

Om formannskapet står det:

”2.2.1 Formannskapet fører tilsyn med kommunen si økonomiske forvaltning, og er ansvarleg for at budsjettet vert følgt opp i samsvar med kommunestyret sine føresetnader.

2.2.2 Formannskapet fremjar innstilling til budsjett og økonomiplan for kommunestyret.”

Om økonomiutvalet står det:

” 2.3.1 Formannskapet er økonomiutval.

2.3.2 Økonomiutvalet utarbeider forslag og fremjar innstilling til budsjett og økonomiplan for formannskapet.”

Vidare står mellom anna følgjande om hovudutvala:

”2.4.2 Hovudutvala skal sjå til at budsjettet vert nytta effektivt i høve til dei mål og premisser som er lag til grunn for løyvinga i kommunestyret.

2.4.4 Hovudutvala kan omdisponere midlar innanfor sitt/sine netto driftsramme(r) til mindre investeringar i utstyr, mindre rehabiliteringsprosjekt, inventar og transportmidlar.”

Om rådmannen står det mellom anna:

”2.5.2 Rådmannen er ansvarleg for løpande kontroll av den økonomiske utviklinga i kommunen, herunder

- Følgje opp inntektssida i budsjettet
- Rapportering til hovudutval, formannskap og kommunestyret
- Sikre at budsjettet/økonomiplanen til ei kvar tid er i balanse”

Om investeringsbudsjett står det:

”3.1 Kommunestyret fastset investeringsbudsjettet på prosjektnivå

3.2 kommunestyret endrar investeringsbudsjettet på prosjektnivå”

¹² Vedteke i kommunestyret 10.02.03, sak 10/03.

Om rapportering og årsmelding går det mellom anna fram av reglementet at

”4.1 kommunestyret skal etter første og andre tertial – pr. 01.05 og pr. 01.09 – ha sak om budsjettforbruket/-situasjonen, i høve til vedtatt årsbudsjett.

(...)

4.3 Kommunestyret skal i tertialrapportane ha

- Ei vurdering av stoda i høve til dei mål som er sett opp i budsjettet
- Melding om ev. avvik i høve til framdrift og kostnader/finansieringsplan på investeringsbudsjett

(...)

4.5 Kommunestyret skal behandle årsmelding for kommunen i same møte som årsrekneskapen.”

Om rekneskapen står mellom anna følgjande:

”5.5 rekneskapen for byggje- og anleggsprosjekt skal normalt vera avslutta og behandla i kommunestyret seinast eitt år etter ferdigstilling/overtaking. For byggjeprojekt viser ein elles til instruks – sist endra/vedtatt i kommunestyret 09.02.1998 sak 6/98.”

Reglement for delegering – Lokal utvikling

I reglement for delegering –Lokal utvikling¹³ står det at:

”Rådmann delegerer til kommunalsjef for LU å iverata kommunen sine interesser innan ansvarsområdet til Etat for lokal utvikling. Arbeidet skal utførast i forståing og nært samarbeid med rådmannen. (...) Rådmannen skal informerast så snart råd er i store saker som vedkjem vesentlege kommunale interesser. (...) Kommunalsjefen kan innan rammene av kommunestyret sitt delegeringsvedtak fatte vedtak på vegne av rådmannen i alle enkeltsaker innan LU sitt ansvarsområde med unntak av tildeling av startlån”

Vidare står det at:

”Kommunalsjefen delegerer til avdelingsleiarane i Etat for lokal utvikling å ivareta kommunen sine interesser innan dei ulike avdelingane sitt ansvarsområde. Arbeidet skal utførast i forståing og nært samarbeid med kommunalsjefen. (...) Kommunalsjefen skal informerast så snart råd er i store saker som vedkjem viktige kommunale interesser. (...) Avdelingsleiarane kan innan rammene av kommunestyret sitt delegeringsvedtak fatte vedtak på vegne av rådmannen/kommunalsjefen i enkeltsaker innan eige ansvarsområde med følgjande unntak:

Saker som direkte eller indirekte får følgjer for andre etatar eller for meir enn ei avdeling innan LU. (...) Tiltak som ikkje er i samsvar med godkjent årsbudsjett og årsplan, herunder endring av årsbudsjettet mellom tenesteområder.”

13 Vedteke i kommunestyret i Klepp kommune, 20.05.03.

Grunnleggjande prinsipp for prosjektgjennomføring

Innleiing

Grunnleggjande prinsipp for prosjektgjennomføring kan utleiast av teori og standardar. I forvaltningsrevisjonen blir ISO-standarden "Kvalitetsstyring i prosjekt"¹⁴ nytta som autoritativ kjelde. I tillegg blir føreliggjande nytta teori som praktisk rettesnor. Ifølgje Westhagen¹⁵ kan følgjande krav stillast til oppfølgings- og planleggingsystem:

- ”- Planleggingen og koordineringen må omfatte hele prosjektet.
- Veldefinerte og omforente styringsprinsipper må benyttes gjennom hele prosjektet.
- Problemer i prosjektgjennomføringen må kunne identifiseres så tidlig som mulig.
- Prosjektstyringssystemet må være slik utformet at det gir grunnlag for god kommunikasjon på alle nivåer i prosjektarbeidet.
- Informasjonsmengden prosjektet produserer må være i tråd med det behov som eksisterer på ulike nivåer på informasjonsmottakersiden.
- Rapportering av forbruk av ressurser må skje med den frekvens som er nødvendig etter hvert som prosjektet går fremover.
- Avviksrapporteringen må være slik at den lett kan bidra til konkrete handlinger.”

Styring av byggjeprojekt omfattar aktivitetar og prosessar både i den kommunale organisasjonen og i funksjonar eller grupper som blir spesielt oppretta for prosjektet. Dei ulike fasane i eit prosjekt kan delast inn i prosjektinitiering, planlegging, gjennomføring og avslutning.

Eit prosjektstyringssystem bør innehalde retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane i prosjekta, og prosedyrar/rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett. Vidare er det viktig at det blir lagt til rette for at tilsette får opplæring i bruk av prosjektstyringssystemet, og at det blir sørga for at systemet gjennomgåande blir nytta ved gjennomføring av prosjekt.

I følgje NS-ISO 10006 skal det ved oppstart av enkeltprosjekt utarbeidast ein kvalitetsplan for prosjektet som skildrar aktivitetar og ressursar som er naudsynte for å nå prosjektmåla.

Initiering/planlegging av prosjekt

I forprosjektfasen er det viktig å klargjere målet med prosjektet. I byggjeprojekt vil den overordna målsettinga vere å realisere byggjeprojektet. Meir spesifikke mål for prosjekt kan vere knytt til kvalitet, teknikkar for utføring, tidsfrist, økonomisk ramme m. v. Økonomiske rammer må byggje på kostnadsoverslag som er realistiske, der det er tatt omsyn til alle kostnader og gjort påslag for uvisse knytt til prosjektføresetnader o.l.

